

INKLUDERT
AKTIVITETSKATALOG!

Medlemsblad 2008



SOGN OG FJORDANE

HUSFLIDSLAG

Medarbeidarsamlinga
2008: Marit Andersen
produserte masse på
"Ung Husflid"-kurset.
Sjå side 12-13

Helsing frå Dagrun Johanne

Helsinga mi i år inneheld både glade og triste meldingar. Men slik er livet - også i organisasjonane!

Gla`meldinga frå Sparebankstiftelsen DnB Nor er nett komen. Derfor går gratulasjonen til lokallaga våre, som søkte tilskot frå tema "Stoltheit og tradisjon". NH stod på for å få dette til - og har lukkast! Dette kjem no lokallaga til gode - med kroner i kassa, og det gjev inspirasjon. Med pengar til utstyr er det lettare å drive barne- og ungdomsarbeidet. Så takk til Sparebankstiftelsen som ser verdien av det me driv med i organisasjonen!

Me har meir "glede" å melde. Medarbeidersamlinga vår på Eid, i slutten av oktober, var svært vellukka. Det var ei kjekk samling. Sjølv om eg var kurshaldar, tykte eg likevel at eg fekk snakka og bli kjend med fleire i lokallaga. Og dette er med på å styrka fellesskapet! Tilbakemeldingane er gode. Deltakarane hadde godt utbyte av kursa sine, og reiste heim med idèar og nytt pågangsmot. Fleire etterlyste meir organisasjonskunnskap, så det dukkar nok opp att til neste år. Også web er folk interesserte i å lære meir om.

Ein tredje ting å gle seg over er medlemstalet vårt. Til oktober er det ein auke på 7 vaksne og 37 born/ungdomar. Gledelig utvikling i laget vårt, som i fjor var på sølvplass i barne- og ungdomsvervinga.

"Butikken vår", Husfliden Bergen, går godt. Av overskottet fekk me tildelt 30 000 i aksjeutbyte. Ein auke på 10 000 frå året før. Dette syner at butikken vert godt besøkt, og at dei tilsette gjer ein god jobb mot kundane. Dersom du ikkje har besøkt butikken, så gjer det neste gong du er i Bergen. Som medlem får du rabatt når du handlar over ein viss sum!

I juni var det landsmøte i Tønsberg. Der deltok under-teikna saman med Britt Midtbø og representanten for lokallaga, Bente Thora Borgundvåg. Det var eit fint møte - og fine opplevingar. Men her fekk me også den triste meldinga om at Unika forlag var lagt på is grunna økonomien.

...og i løpet av hausten har fleire alvorlege saker nådd oss. På fylkesleiarssamlinga i Bergen 8.-10. november, der under-teikna og Dagrun (sekretær) deltok, informerte styreleiar Vibeke Mohr og direktør Tove Gulsvik om ein

alvorleg økonomisk situasjon for organisasjonen - og om tiltaka som er iverksette: Alle tilsette har vore permitterte i ein månad i haust. Unika forlag er lagt ned, og dei tilsette er sagt opp.

Norsk Husflid skal endrast og bli meir eit medlemsblad (det har organisasjonen bedt om i lang tid), og utgiftene skal kuttast. Konsulentar blir permitterte i prosentdel av stillinga si i 2009. Møtet var prega av den triste budskapet, men debatten som følgde var likevel konstruktiv. Møtelyden var blant anna sterkt i mot permitteringa av konsulentane, fordi dei er svært viktige for oss på grasrota. Det er me medlemane som er NH - og det må vi alltid ha med oss. Me vil alle ha ein oppegående og levedyktig organisasjon. No er det å håpe at alle tiltak som blir sett i verk vil hjelpe, slik at NH står fram i jubileumsåret 2010 på sterke bein - og med pågangsmot og glød.

For å hjelpe organisasjonen, vil eg nok ein gong komme med oppfordring om å kjøpe bøker frå NH. Har sendt ut oppfordring til laga tidlegare, men vågar meg no til å oppfordre alle medlemane til å kjøpe minst ei bok. Det ligg mange gode bøker og hefte på lager, som i staden kunne glede og inspirere folk. Tenk julegåver. Me er 774 medlemar, så om kvart medlem kjøper kun ei bok, så vil det gje ein fin sum til organisasjonen vår. Tenk på dette - gå på nettet og sjå på kva som finst! NH har også andre fine ting for sal.

I vårt eige fylke er det julemessene som står for tur i lokallaga. Vonar det blir godt sal for produsentane, og at laga sit att med litt i kassa til å drive arbeidet sitt med. Lukke til med aktivitetane alle saman. Så møtast me i Førde i 2009, til årsmøte og 40-års jubileum for fylkeslaget vårt. Så ynskjer eg dykk God Jul og Godt Nytt År, og håpar på mange harde pakkar (bøker) under juletra!

Varm helsing frå Dagrun Johanne



Tilbittsvalde 2008

Dagrun Johanne Hesjevoll Leiar

Alder: 59 år
Sivilstand: Gift
Born: 2 born og 2 barneborn
Yrke: Dagleg leiar
Hobby(ar): Husflid, lesing, musikk m.m.



Norunn Befring Hjellbrekke Nestleiar

Alder: 54 år
Sivilstand: Einsleg
Born: 2 vaksne born og 2 barneborn
Yrke: Konsulent
Hobby(ar): Handarbeid (strikking, brodering, hekling). Vinlegging



Marianne Nesse Studieleiar

Alder: 44 år
Sivilstand: Sambuar
Born: Ei jente på 13
Yrke: Deltidsekspeditør på Vinmonopolet
Hobby(ar): Quilting, strikking, styrketrening – og er også involvert i motocrossmiljøet for born



Britt Midtbø Styremedlem

Alder: 63 år
Sivilstand: Gift
Born: 4 og 8 barneborn
Yrke: Arbeidsleiar
Hobby(ar): Maling, husflid, hage



Åshild Dombestein Styremedlem

Alder: 61 år
Sivilstand: Gift
Born: 3 born og 5 barneborn
Hobby(ar): Brodering, hekling, nuperelleslåing



Helsing frå Husflidskonsulenten

Kjære alle husflidsvenner!

Det er noko spesielt med dette å skrive helsing til dykk. Haustfargane prydar no trea utanfor huset, og det er blitt nakne greiner når du får medlemsbladet. Eg skal jo helst nytte høvet til å oppsummere det siste arbeidsåret i få setningar, men det er vanskeleg å sortere ut kva som er viktigast!

Vi konsulentar jobbar med fleire ulike tiltak, og alle har høyrte om *Gjør et spikk*, *Sting i tiden*, næringsprosjektet *Unika på børs*, "Ung Husflid", etc. Det har vore, og er framleis spennande å prioritere slike satsingsområde. Utfordringa mi er å motivere einskildmedlemmer, lokallag og handverkarar til å bruke tid på tiltaka, og det gler meg å sjå at aktiviteten er høg i Sogn og Fjordane!

Lokallaga lever på sett og vis sitt eige liv - uansett kva som rører seg i verda utanfor. De er dyktige, kreative, og målbevisste. Eg trur likevel det er viktig å treffast til sosialt og fagleg påfyll når SFH, eller andre organisasjonar, inviterer til kurs og samlingar. Vi treng kvarandre, og samarbeid er nødvendig for å bli sterke og "synlege" i eit teknologisk samfunn.

Til slutt vil eg gjerne marknadsføre bøkene til Norges Husflidslag. Unika forlag har ein imponerende produksjon bak seg. Litteratur om design, broderi, teppeknitting, festband, kontstrikk, og tråd for å nemne nokre av bøkene. Dei ligg på lager, og ventar på å få deg som lesar! Ta kontakt med lokallaget ditt for å få vite meir om bøkene, eller les omtale på husflid.no. Norges Husflidslag treng di støtte!

Takk til alle for flott arbeidsinnsats blant born, unge og vaksne i bygd og by! Kos deg med husflid i adventstida...



- Synøve -

- Gratubenen! -



Sparebankstiftelsen DnB Nor har gjeve 3,6 millionar til 252 husflidslag, som satsar på formidling til born og unge. Gåva opnar for eit høgtrykk i satsinga på "Ung Husflid" i landet, og er ei god vitaminsprøyte til alle som bidreg i det frivillige arbeidet i organisasjonen.

Det er fantastisk å sjå at 13 lokallag i fylket sende inn søknad, og har fått inntil kr 15 000 til innkjøp av materiell og utstyr. Søknadane fortel meg at det kjem i gong mange spennande aktivitetar neste år. Lappeteknikk, filting, spikking, veving, lefse- og flatbrødbaking m.m. Ein stad får t.o.m. ungane regulerbare arbeidsstolar!

"Ung Husflid" skal vere ein hovudprioritet for oss konsulentar i 2009. Eg håper difor at eg får besøke mange av dykk, og eg hjelper gjerne til med å finne høvelege oppgåver til dei ulike aldersgruppene. Ta kontakt!

- Helsing frå husflidskonsulenten -

SOGN OG FJORDANE HUSFLIDSLAG

- Frå sekretæren -

Aktivitetsstipend

Fristen for søknad på aktivitetsstipend er 31.12.2008. Søknadsskjema m/tildelingsreglar vart sendt lokallaga i november!

Årsmøte 2009

Midtre Sunnfjord Husflidslag er vertskap for årsmøte neste år – og det vert halde i Førde, 13. – 15. mars. I samband med dette markerer fylkeslaget også sitt 40-års jubileum.

SFH-kontoret må ha framlegg til saker i hende innan *utgangen av januar 2008*.

Medlemsbladet 2008

Styret og sekretæren takkar i år òg Ragna Oline Myklebust, Svelgen og omegn Husflidslag, Marit Elvekrok, Luster Husflidslag, Margrethe Hoddevik, Kjerringa Husflidslag, for flott innsats med å få bladet i hamn!

SOGN OG FJORDANE HUSFLIDSLAG

Kontoradresse: Igelkjøn • 6968 FLEKKE
Telefon: 57 73 55 00 • Mobil: 948 45 744 • E-post: sfjh@online.no

AURLAND HUSFLIDSLAG

- Situasjonskildring og turlogg -

Aurland Husflidslag har framleis ein fast kjerne av damer, som held til i Hopastova kvar måndag kveld. I haust har me valt å ha *handplagg* som tema for aktivitetsekveldane. Det er både spennande og hyggeleg å dela oppskrifter, læra nye teknikkar og utveksla idear. I *stova vår* heng ei utstilling av ulike handplagg; fingervantar, vottar og pulsvarmarar, tradisjonelle og moderne, velbrukte og ubrukne, strikka, hekla og pjo-na. Me beundrar og diskuterer med stor iver. Går alt etter planen, vil me avslutta arbeidet med ei utstilling på Julemessa 1. søndag i advent.

For å finna på noko litt anna, valde me å avslutta vår-sesongen med ein tur til Bergen. Første stopp var Hillesvåg Ullvarefabrikk ved Osterfjorden, 35 km. nord for Bergen. I omvisninga på fabrikkene fekk me høyra historia til den tradisjonsrike bedrifta. Hillesvåg Ullvarefabrikk brukar berre ull som er produsert i Norge. Me fekk sjå korleis ulla vert karda, spunne, hespa, vaska og farga. Sjølv sagt besøkte me også butikken, der dei sel flotte ullprodukt, mellom anna frå Oleana og Janus. Dessutan sel dei fantastisk fint garn i mange ulike fargar og kvalitetar. Det vart litt for freistande for mange av oss.

Neste stopp var Verftet i Bergen. Her held mange kunstnarar til, mellom anna smykkekunstnaren Kristin Selboskar frå Aurland. Dei fleste smykka ho lagar er i sølv. Det var spennande å høyra om prosessen, og korleis ho utviklar produkta sine.

Neste dag starta med besøk på Bergen museum og utstillinga *STRIKK - gammelt strikk til inspirasjon*. Mange i husflidslaget har sydd bunader, så størst interesse vakte nok utstillinga om gamle folkedrakter og bunader. Siste post på programmet var besøk på Vestlandske Kunstin-dustrimuseum, med ei stor utstilling av Peer Spook.

Innimellom alle dei *faglege øktene*, hadde me sjølv sagt hyggelege kafe- og restaurantbesøk, og overnatting på hotell. Bergen er byen for dei fleste av oss. Dette var ein annleis tur, der me fekk besøkt stader mange av oss aldri elles legg turen innom, jamvel dei som var oppvaksne i by'n.

- Kari Johnsen -



Omvisning på Hillesvåg Ullvarefabrikk.



Sølvsmykke i alle fasongar laga av Kristin Selboskar.

DAVIK OG OMEGN HUSFLIDSLAG

- Stort aktivitet for små og store... -

Laget har også dette året satsa på "Ung Husflid". Etter at vi fekk tildelt eit stipend frå Frifondmidlane til broderi, har dette vore tema på samlingane våre. I tillegg har dei unge fått spikka fantasifulle figurar, armband og krokar. På den årlege kulturfestivalen i haust var det heftig aktivitet med snordreiarar og spikkeknivar. Tilfredse produsentar viser gjerne fram produkta sine: *Dei er glade og stolte av å skape med hendene. Ryktet spreier seg om kor kjekt dette er – og stadig fleire vil bli medlem.*

Den store interessa for tilboda våre viser kor viktig det er at vi bruker tid på å formidle kunnskapen om tradisjonshandverk og teknikkar. Det blir ofte ei krevjande utfordring med planlegging og gjennomføring, men samstundes er det kjempekjekt og givande å få jobbe med born og unge.



Martine Allmenning viser stolt fram fantasifiguren ho har laga.

- Design og tradisjon i fagne Stryn -

Designer Henny Staalnacke imponerte med sin inspirasjon og sine historier.

Tradisjonen tru arrangerte laget vårt husflidstur, som oppstart på arbeidsåret, så laurdag 13. september sette 18 damer i to minibusar kursen austover mot Stryn. Det var god stemning på morgonkvisten, trass i lett skydekke og småregn. Sola

kom som ei openberring då vi passerte Holmøyane, og den heldt følgje med oss resten av dagen.

Første stopp var hos Henny Staalnacke i Tonningsgata. Ho er kjend som designar av dåpskjolar og selskapsklede for born og vaksne med varemerket "Henny". Det var ei oppleving å høyre historia om korleis ho har kjempa seg fram i ein vanskeleg bransje, og ho fortalde med entusiasme om dette å finne inspirasjon til

nytenking og kreativitet. Vi fekk eit innblikk i kva som finst av skattar på mørkeloft, i knappeøskjer, i museumsarkiv, ute i naturen, etc. Besøket blei avslutta i butikken til sonen, Simen, i bedrifta Moods of Norway.

Turen gjekk vidare til Nedrebergstunet, som ligg 3 km vest for sentrum. Vi kom til dekkja langbord i "Stova", ei Nordfjordstove frå 1865 - og middagen smakte fortreffelig! Ekte gardsmat med sosekjøt og sviskekompost til dessert, og sjølvsagt ein kaffikopp før omvisning på tunet. Torild Nedreberg viste oss Nystova med den fine samlinga av gammalt reiskap, tekstilar, sko og klede som har tilhøyrt garden.* *Fleire av gjenstandane viser livet til gardskvinnene på Nedreberg. Det var mange flittige hender blant formødrene våre, og dei hadde stor sans for å kombinere det vakre med det ytre.*

Vi får leve i den trua, vi damene i minibus, at også vi med tida etterlet oss "spor" i form av handlaga kultur-skattar i skuffer og skåp...

** Klipp frå nedrebergstunet.no*

- Margunn Solvang -

EID HUSFLIDSLAG

- "Å fable i stavar" -



I vinter skipa Eid Husflidslag til laggekurs i det gamle grisefjøset til Magne Dalseth. Dalseth var inspirasjonskjelde og lærermeister. Kurset gjekk over ti kveldar à fire timar. I løpet av denne tida fekk elevane ei eineståande innføring i dette gamle handverket. Det vart produsert mange flotte ting, som vonleg enda opp som gåver og kjære gjenstandar for kursdeltakarane sjølve.

Dette er lagging:

Lagging er ein teknikk som ein tidlegare brukte til å lage bøtter, baljar, stampar og kar i ulike storleikar. Materialet var og er trestavar. Ein handverkar som dreiv med lagging vart kalla ein "laggar". Laggeteknikken var ein del av det gamle bondesamfunnet. Her vart den brukt til å lage kar, som skulle vere tette og kunne nyttast til t.d. mjølk. Eit lagga kar vert sett saman av trestavar, som vert høvla til ein etter ein. Det ferdige karet skal trutne og bli tett. Stavar av god kvalitet vert teke radiært av trestokken. Då utvidar staven seg i breidda når den trutnar, og sprekkene mellom stavane vert tette. I stavane vert det skore ut spor til botn og eventuelt lokk. Dette sporet vert kalla laggen, og herifrå kjem namnet lagging. Stavane vert sette ein etter ein rundt botnen, og haldne saman av treband som vert sveipt rundt behaldaren.

- Marita Røyset -



Magne Dalseth (til høgre) var god inspirasjonskjelde og lærermeister på laggekurset. Kursdeltakar Trygve Gangsø (til venstre). Foto: Tormod Flatabø



Else Bjørhovde laga flotte gjenstandar. Foto: Tormod Flatabø

BORGUND HUSFLIDSLAG

- Mange hyggelege stunder... -

Vi møttest stort sett kvar måndag i det gamle skulehuset på Husum. I år har vi ikkje hatt store saker på gang bortsett frå ein flott gjennomført basar i april. Vi hadde mange fine premiar, blant anna ein stor skinnfell, som var ein av hovudpremiarne. Elles var det sokkar, genserar og dukar, som var strikka og sydde av oss i laget. I juni var vi på tur til Kaupanger og De Heibergske Samlinger. Der var det blommar og urtedag. Masse flott å sjå både ute og inne.

Vi starta hausten med eit møte heime hos eit av medlemmane våre. Vi fekk ein nydelig middag med tilbehør, og kaker til dessert. Alt produkt frå garden. Vi åt og kosa oss alle saman. Planane vidare er kurs i toving, billedvev og skinnfell. Håpar vi får gjennomført i alle fall eitt eller to kurs før våren. Mot jul er det julegran-tenning og det faste julebordet på Laksen i Lærdal.

- Inger Thøring -

FLORØ HUSFLIDSLAG*- Sprek 70-åring... -*

Kurs i bandvev og brikkevev vart ein suksess.

Florø Husflidslag går i 2009 inn i sitt 70. år. Då er det veldig kjekt å sjå at det er god aktivitet i alle undergruppene i laget. "Ung Husflid" starta opp med 30 ungar i haust, og fleire står på venteliste. Så dette er noko som er kjekt å drive med, samstundes som det er kjekt å føre vidare og lære bort gamle handverksteknikkar til den yngre garde. Det er jo ungene som er framtida - - også for husflidssektoren.

Quiltegruppa har eit langtidsprosjekt føre seg denne sesongen – dei jobbar med det som skal bli eit flott teppe til lotteriet på julemessa i 2009! I gruppa er det mange aktive og kreative medlemmer, som også bidreg på mange andre områder i laget.

Vevgruppa har - om ikkje fått ein ny vår, så i alle fall fått ein ny haust denne hausten. Kurset i bandvev og brikkevev fekk god oppslutnad, og nokre av kursmedlemmene lurer på om dei skal veve band for sal! I tillegg til dette kurset har vi også fått i gong kurs i biletvev - det er tre-fire år sidan sist.

Det store løftet for Florø Husflidslag er julemessa som vi arrangerer kvart år 3. helga i november. Med 40 utstillarar og 1500 besøkande over to dagar, så krev det ein enorm dugnadsinnsats kvart år. Og dugnadsinnsatsen betalar seg i form av nøgde utstillarar og besøkande, som kjem att år etter år. Gode tips til julegåver, ein kopp kaffi og ein bit av husflidslaget si krydderkake er starten på jule- og adventstida for mange. Vi anbefaler fleire frå andre delar av fylket til å ta turen ut til kystbyen, og starte julegåvehandelen denne helga.

- Gunnfried Sund -

KJERRINGA HUSFLIDSLAG*- Aktiviseneren 15 ivrige born -*

I 2008 har vi hatt handarbeidsskafè annakvar veke; 3 timar med kaffi, kjeks og egne handarbeid. Populær kveld som er med på å halde oppe aktiviteten i laget. Blir sett opp 4-5 kveldar både vår og haust. Medlemsmøte; 4 i året med forskjellige tema. "Ung Husflid" – med tilpassa aktivitet for ca. 10 ivrige unge kvar gong ; 6 gonger i år. Våren 2008 avvikla vi kurs i rosemåling og Isoldenissar, og eit minikurs i smykker.

Vi har i gong nye kurs og studiering i rosemåling og vev - desse skal gå framover mot jul, - og har god oppslutnad både av gamle og nye kursdeltakarar. Husflidsdagen vart markert med miniatstilling av sofaputer – og trekning av lotteriet vårt. I samband med eit lokalt arrangement "Til-

bake til røtene" i sommar, hadde vi ei fin utstilling av puter – besøket kunne ha vore langt betre - !

Fylkesårsmøtet var lagt til Selje i år – og vi var med som vertslag. Veldig kjekt å få besøk av så mange frå styret og andre lag – og få høve til å vise fram egne lokale og litt av det vi held på med! Leiar Bente i laget vårt vart trekt ut som utsending til Landsmøtet i NH – det er første gong vi var med på det.

Kjerringa Husflidslag er 10 år i år, og har pr. september 52 medlemmer. 15 av dei er born.

- Norunn Stave -



Her blir det band i flotte fargar! Ein triveleg aktivitet for borna på Stadlandet.



...ivrige born: Nøyaktig må ein vere...!



Flott produksjon...



Å aktivisere borna er ei inspirerande oppgåve. Norunn Stave kosar seg!

LUSTER HUSFLIDSLAG

- Stabil 30-åring... -

Bjørg Hovland i kjend stil under Lustradagane.

Luster kommune er nyleg kåra til beste kommunen å bu i her i landet. Husflidslaget er ein av mange positive faktorar i kommunen. Laget har i dag 58 medlemmer og nokre ”støttemedlemmer”, som me vonar vil melda seg inn. Luster er også ein stor kommune, større enn Vestfold fylke. Difor har me heile 6 aktivitetsgrupper, som møtest på faste stader for å driva med husflidsaktivitetar. Dei fleste gruppene møtest ein fast kveld kvar veke, ei gruppe møtest annakvar veke og ei gruppe er så ivrige at dei møtest to kveldar. Aktiviteten i gruppene varierer, nokre periodar arbeider alle med same aktivitet, andre periodar arbeider deltakarane med mange ulike teknikkar. Det er kjekt å møtast omkring felles interesser, og få inspirasjon frå kvarandre.

Me har styremøte 7-8 gonger fordelt over året, og sjølvsagt mange telefonar og e-postar. Ein gong i månaden har me felles møte ein stad i kommunen. Styret set opp møteplan og -stad, medan aktivitetsgruppa på staden har ansvar for å finna eit tema for kvelden, og ordna det praktiske omkring arrangementet. På møtet har styret ein kort sekvens med informasjon frå styret, me har enkel servering, og brukar resten av tida på tema for kvelden. Møta er opne for alle, ikkje berre for medlemmer. Me ser det som ein måte å informera om laget, og håpar å verva fleire medlemmer. Alle møta vert annonserte i lokalavisa, og er lagt inn på aktivitetskalenderen på kommunen sine heimesider. Like etter årsmøtet, og ved sesongstart om

hausten, vert det sendt ut ein medlemsinfo.

Me starta med årsmøte i januar. I februar hadde me fritt broderi som tema, med inspirerende besøk av Husflidskonsulent Synøve Eriksen Vadøy. Påsken kom tidleg i år, og påskepynten vart supplert og fornya på ny, flott skule på Indre Hafslo. Neste tema var bruk av dåpsklede, både eldre tradisjonar og dåpskjolar, som har vore i bruk i mange generasjonar. Bjørg Hovland er eldsjela når det gjeld gamle kletradisjonar. Vårsesongen vart avslutta på Flugå, ein restaurert husmannsplass på Hafslo. Folk frå Sogelaget fortalde om staden og menneska som budde der, og me fekk servert vassgraut. Tema for kvelden var nålebinding.

Hausten starta med møte hjå Bente Sollesnes inst i Fortunsdalen. Toving med nåler var tema for kvelden. På siste møtet måtte me inspiserer nytt bakeri og kafe i Luster. Det gav meirsmak. Bjørg, som har vore på kurs om samiske draktskikkar, fortalde frå kurset og hadde med bilete og modellar i tillegg til at me fekk låna samedrakt frå ei dame i bygda. Det står att eitt møte i haust, julemøtet i desember. Då lagar me julekransar eller annan julepynt, og kosar oss med gløgg og julekaker. Så må me i gang for alvor med å planleggja eit nytt husflidsår. Kvart år prøver me å få i gang kurs i ulike teknikkar, men responsen er heller dårleg. Kanskje får me til to kurs av 9 annonserte i haust.

Første helga i juni vert Lustramarknaden arrangert i Gaupne. Husflidslaget har hatt stand på marknaden i fleire år. Her hadde me informasjonstavle om husflidslaget, og prøvde med enkel strikkeaktivitet retta mot born: Å laga sommarfugl. Av og til kan det vera godt med ein tur utanom eigen kommune. I år drog 9 damer frå husflidslaget til Kjerringtorget på Nesbyen. Her var mykje variert og spennande å sjå, så augo vart store og hovudet fullt av inntrykk.

I mange år har husflidslaga i Luster og Sogndal samarbeidd med Sogn Folkemuseum om å arrangera felles husflids- og museumsdag i september. I år vart dette arrangementet avlyst fordi ein ønskjer å endra forma på museumsdagen. Laget hadde inga spesiell markering av husflidsdagen. I slutten av november har laget sals-

messe, i år er datoen 29. Messenemnda hadde sitt første møte i mai, og er no i hektisk arbeid med å førebu messa. På messa er det utstilling og deretter sal av husflidsvarer. Det går unna mange liter betasuppe og kaffi, og mange bitar heimebaka kaker. Utlodding må vera med; i mange år har dokke med klede vore hovudgevinst.

Luster Husflidslag vart skipa i 1979. Det betyr at me kan feira 30-års jubileum i 2009. Planlegginga er i gang, sjølv sagt skal me ha eit eige jubileumsarrangement. Me vil prøva å laga utstilling av dåpskle frå kommunen frå ulike tidsepokar, og håpar også at me

lukkast med å få til kurs i saum av dåpskjole/dåpsklede, gjerne etter gamle modellar. Me har også eit felles prosjekt der medlemmene vert bedne om å laga ein svart lapp med hjartemotiv på. Alle lappane skal setjast saman til eit teppe, som vert hovudgevinst i jubileumslotteri. Ideane florerer, og i ei oppsummering ser me at me får gjennomført ein heil del. Ein tenkjer alltid på alt det ein ønskjer seg tid til, men må "bruka vettet" og lata vera å starta på...

- Kari Ødegård og Mette Alme -

LÆRDAL HUSFLIDSLAG

- Kosar seg i Eldhuset og Montørstasjonen -

Eit nytt år – nytt høvet og lær det du hadde lyst til i fjor. Gjer det du ønskjer i år, eller set i gong med noko du aldri hadde tenkt!

Eldhuset er lagshuset til Lærdal Husflidslag. Lokala er relativt fleksible med arbeidsplassar og utstyr. Ein måndag i månaden har vi medlemsmøte med eigne tema, som er knytt opp mot at laget har styremøte i forkant.

Veveaktivitetane føregår i den gamle Montørstasjonen. Her står 3 vevar, og her vert det vove kjøkkendukar, bunadsforkle og kristnateppe. Lærdal Husflidslag finansierer ein god del av aktivitetane sine ved hjelp av dei to årlege omgangane med loddsal. Den eine like før jul, og den andre i tilknytning til Lærdalsmarknaden. Eldhuset er sentralt plassert i høve scena som vert nytta til marknaden.

Til Lærdalsmarknaden i år laga Lærdal Husflidslag ei flott utstilling i Tingsalen i Gamlebanken - med eit utval av vevnadane som Gudrun Holte laga gjennom eit langt liv. Gudrun Holte var ein mangeårig medlem av Lærdal Husflidslag, og ho var ein særst viktig læremeister og kunnskapsformidlar. Vi takkar familien hennar som stilte tekstilane til rådvelde for oss.

1. juni var vi på strikkekafe og fotballkamp på Fossaugane i Sogndal. Vi vart inviterte sidan vi hadde vore med å sørgje for at Sogndal vann kampen mot Brann om lengste supporter-skjerfet. I sommar har Vennskap Jeriko-Lærdal drive Jerikobui på laurdagane i Eldhuset, og her har også vore varer frå husflidslagsmedlemmene for sal.



Husflidsdamene i Lærdal har det sosialt og fint ilag.

Glasfusing og glasmåling får ein ny giv i Lærdal med ny glasomn. I haust er det to helgekurs! Torsdagane er kvelden for syng og glasing, og på nyåret vert det ny syhelg. Laget har planar om å arrangere scrapbookingkurs i Sogndal. Det har også vorte tradisjon å ha laurdagsope i førjulstida med sal av kaker, lefser og flatbrød.

Kontakt oss gjerne på snøggbrevadressa:

laerdal.husflidslag@gmail.com.

Biletserie på verdsveven:

<http://community.webshots.com/user/lappesaumartausene>

- Bente Opsvik -

- Gudrun Holte; ei ekte vevkjerning -

Arbeid frå eit langt liv: Gudrun Holte etterlet seg ein kulturhistorisk skatt

I mai ville Gudrun Holte vorte 99 år. Dette vart markert med ei storslått utstilling i Tingsalen i Gamlebanken under Lærdalsmarknaden.

Gjennom eit langt liv hadde ho mange timar ved veven, og det vart mange meter vevnad. Ho vov mellom anna

stoff til sengeklede, ullteppe, løparar, dukar, kjøkkenhandkle, bunadsforkle, åkle og tepper. Ho vov eit brurateppe med mønster frå Voss, og i ein alder av 80 år kjøpe ho seg damaskvev. Utstillinga synte ei kulturhistorie, som for dei fleste av oss er uforståeleg at eitt menneske har gjort åleine. Publikum sette stor pris på det dei såg, og tilbakemeldingane var svært positive.

Lærdal Husflidslag rettar stor takk til Ågot og Oddkjell Bosheim for at me fekk ta del i dette. Me takkar òg Kirsten Grøtte og Torbjørg Takle for godt arbeid med utstillinga.

- Karin Hamre og Anne Kari Hagen -

MIDTRE SUNNEFJORD HUSFLIDSLAG

- Viktig å dele husflidsopplevingar... -

På medlemsmøta våre samlast vi til eit husflidstema, men vi tykkjer også det er viktig at medlemmene får tid til sosialt samvær, der vi deler husflidsopplevingar. Vi meiner det er betydningsfullt at det er tid til å danne nettverk blant medlemmene i laget vårt.

Det er ein trufast gjeng som møtest regelmessig til strikkekafe. Vi held til i Førdehuset, i det ”offentlege rom”, og det er ikkje fritt for at det til tider vert sendt mange nyfikne blikk, og vi kjem også i kontakt med forbipasserande. Vi er så heldige å bli inviterte til eit par butikkar i Førde, som held strikkekafe for oss, og då har vi stor oppslutnad og får nye kontaktar.

Vi har ei lita gruppe som i 2008 har drive svært energisk med barneaktivitetar. Det er stor søknad til dette tilbodet, men vi hadde ønskt å få fleire med frå ungdomsteget. Denne aktiviteten har vi omlag 4 kveldar i halvåret, der det blir tatt opp forskjellige husflidsteknikkar.

Husflidsmessa i Movika, der vi samarbeider med museet, har også i år vore ein suksess. No hadde vi også samarbeid med Quiltelaget, som hadde si 15 års jubileumsutstilling i museet. Vêret var perfekt, og området viste seg frå si beste side.

Vi hadde barneaktivitetar begge dagane. Laurdagen blei det vove med gam og filler på pappvevar. Søndagen blei det spikking. Alt dette kunne vi ha ute i tunet. Vi hadde også strikkekafe, der vi sat utafør eit av dei gamle husa. Det blei også utstilt nokre produkt som vi hadde laga gjennom året, og ein del litteratur om strikking.

Publikum koste seg med kaffi, sveler og natronkaker, som ein god dugnadsgjeng frå husflidslaget hadde ansvaret for. I år delte vi ut gevinst til beste stand på bakgrunn av stemmesedlar frå publikum. Vi hadde glede av å dele ut ein flott vase til Anne Kari Reutz, som Wenche Slette-mark Stuhaug hadde dekorert kjempefint til føremålet.

I vår hadde vi ein utruleg flott tur i vårt eige område, Jølster kommune, der vi besøkte lokale produsentar av husflid og kunst. Vi fekk demonstrert arbeid i verkstad, opplesing av lyrikk og fortalt korleis dei hadde etablert verksemdene sine. Dette var utruleg spennande. Vi var også innom grendahuset i Stardalen, der vi fekk god mat og eit lite føredrag om miljøet i Stardalen. Her fekk vi også sjå minneutstillinga for Astrid Myklebust. Eg vil rå alle å ta ein rundtur med avstikkarar i Jølster!

- Maren Erland -



Anne Kari Reutz fekk tildelt g ve for beste stand under huflidsmessa i Movika.



P  tur: Spennande, inspirerende og sosialt.

- G y med familien "Stankel"... -

"Ung Husflid" hadde i v r bes k av Husflidskonsulenten, og dei spikka fuglefamilien "Stankel". Etter   ha st tt til t rk heile sommaren, starta vi hausten med   gje familien fargar og liv. Resultatet vart flott – og det var mange stolte jenter som drog heim med eit nytt familiemedlem. Ikkje alle fuglane hadde overlevd sommaren. Nokre mangla b de hovud og f ter, og andre hadde rett og slett stukke av. Dei borna som ikkje hadde fuglar   m le, fekk i staden m le treknappar. Vi bora hol i nokre, og festa metallring i. D  kunne dei brukast til smykke, n kkelring eller liknande. Vi hadde ogs  nokre med 2 hol, og dette vart flotte knappar   sy p  b de kle, vesker og liknande.

- Marit Andersen og Eli Hegrestad -



SOGN OG FJORDANE HUSFLIDSLAG/ HUSFLIDSKONSULENTEN I SOGN OG FJORDANE

- Medarbeidersamlinga hausten 2008 -



Ivrige Web-studentar: No skal det bli fart over heimesidene! Deltakarane var lærevillige og positive.

24. – 25. oktober var det dukka for medarbeidersamling på Bryggen Hotel, Eid. Totalt 33 personar deltok på samlinga, som i følge evalueringa svara til forventningane og vel så det for flesteparten av deltakarane. WEB-gruppa møtte beklagelegvis på ein ubehageleg situasjon: nettsambandet på hotellet hadde vorte råka av lynvarme.

Å halde WEB-kurs utan nettilgang kan tvillaust karakteriserast som katastrofe. Men trass i problemet som oppstod, og som ingen kunne klandrast for, gjorde kurshaldaren Kristoffer Oftedal og dei 8 deltakarane likevel det beste ut av situasjonen. Den teoretiske innføringa i NH sine heimesider var upåklageleg. Likeins å finne fram til medlemslister, etikettar, lage artikkelar med bilete til eigne heimesider. Men prikken over i'en mangla: å få utføre dette i praksis på ein skikkeleg måte!

Organisasjonskurset for tillitsvalde talde 9 deltakarar. Kurshaldaren Synøve Eriksen Vadøy gjennomgikk alt frå organisasjonens oppbygging og virkemåte til drift

av lokallaget på ein glimrande måte. I tillegg fekk deltakarane kose seg med ei praktisk oppgåve med broderi.

Broderikurset talde 5 deltakarar, og vart leia av Åshild Dombestein og Britt Midtbø. ...og desse deltakarane fekk eit flott kurslokale; sjølvaste brudesuiten på hotellet!

Tema for kurset var vesker, og ei kort innføring i hardangersaum og venetiansk saum. To damer broderte venetiansk saum, dei tre andre

valde hardangersaum. I hardangersaum broderte dei julehjerter i kvitt og raudt.

”Ung Husflid” kurset - med praktisk vidareføring talde 5 deltakarar. Kurshaldar var Dagrūn Johanne Hesjevoll. Deltakarane fekk sy ein del prøvemodellar av veske til drikkeflaske, som vil bli enkle for borna å sy seinare. Undervegs fekk dei også innføring i teknikk, skjering og stryking, samansying, vattkvalitetar med meir. Og deltakarane produserte i tillegg til veske til drikkeflaske, sminkepung, nålepute og små oppbevaringsposar. Utveksling av idar og erfaringar vart det også sett av tid til.

- Dagrūn -



Organisasjonskurset: Forventningsfulle deltakarar klar til dyst.



Broderikurset: Lærar Åshild Dombestein i passiar med Hilde Iren Elvebakke.



Bodil Johnson storkoste seg med hardangersaum.



“Ung Husflid” kurset: Blide og ivrige damer ved symaskina. Paula Midtbø (til venstre) og Bente Thora Borgundvåg.

SOGNDAL HUSFLIDSLAG

- Eit lag i dvale... -



Inger Øyre (til venstre) og Gunnvor Urheim har lagt ned eit stort arbeid med restaurering av mannsbunaden frå Sogn. Her ilag med museumsdirektør Aage Engesæter.

Årsmøtet vedtok at laget i 2008 skulle ha eit "tenkeår". Det har mellom anna ført til at vi ikkje har delteke på årets husflids-/museumsdag saman med Sogn Folkemuseum.

Det har vore 3 møte i arbeidsstyret hittil i år. Det eine var utpå etterjulsvinteren og vart kombinert med ein open aktivitetsekveld om smykkelaging. Den hadde Sølvi Liv Fimreite ansvar for.

Utpå våren hadde me to arrangement. Det eine var besøk i "Ryssdalshuset" i Sogndal – ein privat eigedom som museet har arva - inkludert alt inventar. Her er det mykje fint broderiarbeid, og Inger Øyre og Berit Amundsen hadde lagt fram døme på ulike saumteknikkar. Aud Ross frå Sogn Folkemuseum orienterte om eigedomen, og delte nokre tankar om kva museet kan bruka den til.

Det andre arrangementet var ein open kveld ute i det fri

– med seljeflytelaging for borna, og servering av saft, kaffi og hellekaker. Ansvarleg for denne kvelden var Alf Reidar Helvik.

No i oktober har Sogndal Husflidslag, ved Laila Loven og Anne-Elisabeth Teigen, hatt eit møte med Sogn Folkemuseum ang. overlevering/bevaring av arbeidet som er nedlagt i forbindelse med restaurering av mannsbunaden frå Sogn. Her har husflidslaget sine medlemmer Inger Øyre og Gunnvor Urheim lagt ned eit stort arbeid over mange år. Dei har laga ein grundig dokumentasjon - både mønster og tekstilarbeid - på alt som ligg bak eit slikt prosjekt. Difor var det no på sin plass at dette materialet kom i "dei rette hender" for oppbevaring for ettertida. Museet fyller 100 år i 2009, og dei vil utpå nyåret laga ei utstilling over dette arbeidet. Då vil også den offisielle overtakinga finne stad med ei markering.

- Anne-Elisabeth Teigen -

SVELGEN OG OMEGN HUSFLIDSLAG

- "Ung Husflid"; ei utfordring og ei oppleving! -



Ragna Oline Myklebust i aksjon...til glede for borna!.



Flotte tova vesker: Caroline Gulhaugen og Rebekka Frimannslund Blix.



Lekkert: Inger Rise med veska ho har laga.

Det kan vel seiast at oppstart av "Ung Husflid" har vore ein suksess i Svelgen og omegn Husflidslag. Av totalt 41 medlemmer har vi 13 barne-/ungdomsmedlemmer.

Vi har til denne tid arrangert 3 samlingar på vårparten, og skal også ha 3 no i haust. Første samlinga hadde vi onsdag 24. september, der temaet var toving av veske. Vi hadde mange lekre motefargar å velje mellom, så det vart nokre "gilde" vesker.

.... Og det var mykje arbeid!

Først skulle vi leggje på 3 tyne lag med ull, så var begynne toveprosessen med forsiktig hand. Vi starta kl 17.30, og vart så vidt ferdige til vi skulle heim kl 20.30. Då hadde vi eit kvarters pause, der vi serverte saft og frukt.

Neste gong vi møtast, skal vi hekle dekor til veskene. Dei skal dekorerast med snorer, blomster og perler.

Siste samlinga i år vert 5. november, og då skal vi bake lefser med heile gjengen. Etter jul startar vi på igjen - med nye tema, som scrapbooking og fritt broderi. Håpar vi då kan klare å verve nye medlemmer, og i tillegg behalde dei vi allereie har!



...og kva skal dette bli? Taja Marie Shanker (til venstre) og Alice Beate S. Holm.



Anne-Mathea Alfredsen Førde i djup konsentrasjon.

- Hilde Iren Elvebakke -

YTRE GULEN HUSFLIDSLAG


- Med mange jarn i elden... -



...tidleg krøkjast...



Litt gøy må ein ha...innimellom.



Borna si gåve til legekantoret.

Ytre Gulen Husflidslag er eit lite, men aktivt lag ytst og lengst sør i Gulen kommune. Vi er i alt 16 medlemmer. Vinter, vår og haust møtest vi annankvar onsdag på skulen i SFO sine koselege lokale. Anten arbeider vi med eit prosjekt; nett no er det strikketeppe til utloddinga på Husflidens dag, eller vi har med oss eige handarbeid. Vi kosar oss også med ost og kjeks og triveleg prat i løpet av kvelden. Husflidens dag skipar vi til kvart år den første laurdagen i november. Vi har valt å arrangere denne dagen litt seinare på året, slik at vi har tid til klargjering av gevinstar og aktivitetar.

Kvart år har vi ei lodbok, der gevinstante er heimelaga og hovudpremien er eit teppe. Vi starta med eit i japansk bretteteknikk, så var det strikka og tova, hekla i oldemorsruter, sydd lappeteppe med vennskapsstjerner, og i år blir det eit strikka toveteppe i blå nyansar.

For ungane har vi tilbod om spikking, og der er det full fres. Terje er mannen som står for dette flotte arrangementet for ungane. Dei lagar masse fine ting. Elles har ungane teikna på stoff m/stofftusj. Vi har bestemt tema, og i 2007 var det fisk og sjø. Vi sydde eit flott lappeteppe av alle teikningane, og no heng det på legekontoret sitt venterom til glede for alle som skal til legen eller helsesøster.

På Husflidens dag serverer vi god, gammaldags kaffimat. Det vil seie ingen fylte kaker, men til dømes formkaker, natronkaker, lappar og påsmurte rundstykke. Vi sel ikkje brus, i staden får ungane gratis saft. Vi dekker borda med porselenskoppar og fat, og synest maten og kaffien smakar mykje betre slik (så sparar vi miljøet for litt søppel også). Dei som kjem set også stor pris på

dette. Arrangementet er blitt svært populært hos lokalbefolkninga, og dei stiller "mann-sterkt" (dvs. kvinne-) opp, kjøper lodd og kosar seg saman med god prat og noko attåt. Ungane er travelt opptekne med spikking og teikning, og det set foreldra stor pris på.

Vi har òg ei utstilling av ein type handarbeid. I fjor var det grytelappar i alle variantar, vi har også hatt utstilling av klosteraumbroderi. Overskotet frå denne dagen brukar vi blant anna til å støtte gode tiltak i lokalmiljøet; t.d. barnehage, korps, museum med meir. Vi har òg hatt strikkehjelp på skulen, der vi har lønna dei som hjalp til. Ulike prosjekt i u-land har vi også støtta. Litt av pengane brukar vi på oss sjølv. Vi reiser på turar, arrangerar kurs og kjøper inn bøker og materiell til ulike husflidsteknikkar.

På årsmøtet, som vi avvikla i slutten av februar, hadde vi gourmetmiddag med forret, hovudrett og dessert. På menyen stod kvitløksgratinerte reker, kveitefilet med urtekryst, og sjokolademouleu med bringebær-coulies. Det var lokale kokkar som stod for maten, og etter eit nydeleg måltid var alle klare til å avvikle dei vanlege årsmøtesakene. Det er alltid godt frammøte på årsmøta våre. I fjor var vi på den lokale puben og åt. Då hadde vi tiårsjubileum, og tok liksågodt med oss mennene våre òg.

Av andre aktivitetar kan nemnast turen vår til Hillesvåg Ullvarefabrikk. Der fekk vi sjå produksjon av garn frå ull til nøste. Det var veldig artig, og vi hadde ein dyktig og koseleg omvisar (gamlesjefen). Innkjøp av garn og ull tok vi oss òg tid til, vi er jo eit husflidslag! Deretter gjekk turen til Salhus Tricotasjemuseum, der



Spikking har vore ein populær aktivitet for borna i Ytre Gulen.



venta omvisning i dei gamle fabrikklokala. Det var imponerende å sjå dei store, gamle maskinane i drift. Avslutninga av turen fann stad i Knarvik. Der åt vi middag på ein kinarestaurant før vi sette oss i minibusen og vende nasen heim mot Sogn. Sjølv om vi var 13 stk., som var med på turen, så gjekk alt bra, og alle kom trøytt men nøygd heim.

Seinare på våren var vi med på eit strikkeprosjekt for mellomsteget på Byrknes Skule. Dette føregjekk i samarbeid med formingslæraren, som òg er med i laget vårt.

Dei første møta i haust gjekk med til å planlegge den årlege husflidsturen, ei helg med overnatting og opplevingar. Vi har tidlegare vore i Jølster, med tur til Stardalen, Astruptunet, og deltaking på quiltetreff i Breim. I Luster med fjelltur, stavkyrkjebesøk og quiltetreff på Hafslø, og i Batalden med fjelltur, kunstgalleri og foredrag om sildefisket i gamle dagar. I år gjekk turen til Vassenden i Jølster, der eit av medlemmane våre har hytte. Vi var 8 stk., og avreisedagen var både våt og grå. Humøret var likevel på topp, og om fredagskvelden kom vi fram til varm hytte og ei fantastisk hjortegryte med både forrett og dessert, som vertinna hadde laga til (ho reiste opp dagen før). Laurdag gjekk turen til "Jølsterdagar" på Skei. Der kjøpte vi ulike husflidsprodukt, og brukthandel og pølsesal var vi også innom. Der vi åt var det maleriutstilling, og i

underetasjen var det både julebutikk og anna brukskunst. Ein og annan nisse blei nok med på lasset heimover... Seinare på dagen smurte vi oss niste og drog til fjells, nærare bestemt opp Gjesdalen. Vi gjekk via Gjesdalsstøylen til Søstestøylen. Veret var flott, og vi fann masse gode blåbær sjølv om kalenderen viste 20. september.

Dagen avslutta vi med god spekemat, potetsalat og godt drikke. Etterpå hadde vi Yatzy-turnering, som varte i ca. 2 timar. Etter frukost neste dag var det rydding og klargjering av hytta. Alle hjelte til, og det gjekk fort og greitt. Det er ei lang reise frå Vassenden til Ytre Gulen, ca. 4 timar med kryssing av både Sognefjorden og Fensfjorden i Hordaland før vi kan køyre i land i Skipavik og "fordele" oss ut på dei 3 store øyane i Ytre Gulen. På heimvegen stoppa vi på Sande (Desirée var stengt) og åt ein god og nærande middag. I Lavik kjøpte vi eple frå Indre Sogn medan vi venta på ferja.

Dette vart nok ein kjekk tur i husflidslaget sin regi, og planar for neste tur er vi alt så smått i gang med.

Dette var litt om kva vi driv med i Ytre Gulen Husflidslag i løpet av eit år. No må vi slutte for tida går fort til Husflidens dag, og teppet må gjerast klart til utlodding.

- Inger og Gro -

- *Pidestallane* -



Før jul var det selskap
på "Loftet" hos Britt
der var vi alle samla
til go'mat og akevitt.

Der stod det ein pidestall så flott
den kunne vi alle like så godt.

Den var både gamal og fjong
heilt frå forrige århundre eingong.

På sløyden sa Terje:

"Skal de lage ein sånn,

ja, då må de begynne heilt ifrå bønn.

Og alle sa; JA !!!

ein sånn vil vi ha,

det må vel gå bra!

Til slutt var det nokon som tok til vett,
dei meinte at dette blei nok ikke så lett.

Men 5 stykk frå laget gjekk ivrig i gong,
og snart vart det klart at mykje tid vi trong.

Vi saga og høvla og pussa og gnei.

Men kvar gong vi spurte,
sa Terje: " Mjneiii..... "

For skal pidestallen bli

skikkelig bra,

så må du nok gjera

så Terje vert gla'.

Og kva resultat fekk dei "høvlande kvins" ?

"er det sant at pidestallane ikkje fins" ?

I skåpet ligg hyller og bein på rekke,

mens dei "snekrande damer" er blitt heilt vekke !

PS Pidestallproduksjonen er no inne i sitt tredje år...

Alle delene har no fått ein flott patina.....

- Gro, Ytre Gulen Husflidslag -



Små bildeglimt...



Produkt frå Kjerringa Husflidslag.



Årsmøte 2008: Maren Erland og Britt Midtbø.



Årsmøte 2008: Frå utstilling hos Kjerringa Husflidslag.

ÅRDAL HUSFLIDSLAG

- Miljøskapande arbeid... -

Årdal Husflidslag er eit lite lag, vi er berre 19 medlemmer. Vi har møta våre i Folkehjelpa sitt hus i Øvre Årdal, der vi disponerer to rom og eit lite kjøkken.

Vi har møte kvar tysdag i vinterhalvåret, og driv med veving (vi har fire store vevar og nokre små bordvevar), og sølvarbeid som studiering utan lærar. Elles er strikking populært, og nokre prøver seg også på nuppereller.

Til vanleg har vi også jule- og påskeverkstad før desse høgtidene, og ei husflidsmesse i november. Vi har òg strikkekafe om føremiddagen annakvar veke på Eldresenteret.

Husleiga vår betalar vi med å bruka ei helg i juni på å vaska rundt på Folkehjelpa si hytte ved Tyin, noko som er ganske miljøskapande.

I tillegg til desse faste aktivitetane vil vi i '09 prøve oss på pilfletting, og om vi får gjennom søknaden (breddegaven), vil vi lage eit sølvarbeidskurs på bunadskjeda. Kanskje kan vi få til ein fellestur til Kjerringtorget på Nesbyen siste laurdagen i august. Ein tur til folke-draktsamlinga på museet på Fagernes står også på ønskelista til medlemmane.

- Inger Hove -

- Ragna Oline i forbifarten -

Risevatnet, ei naturperle i Svelgen, omgitt av høge fjell. Eine fjellsida er kledd med lauvskog. Den står så tett at det må vere det vi kallar for urskog, eller er det jungel? På andre sida av vatnet er det laga anleggsveg. Den er flittig nytta av Svelgen si befolkning til turgåing. Innerst, høgt i himmelsjå, ser vi fjellet Keipen. Det hadde fått snøkåpa på den 29.september. For meg er det litt langt å gå for å komme inn til vatnet. Men i dag er eg så heldig å ha bilen, så med nokre minuttar køyring er eg på tur!

Kald, frisk luft strøymer mot meg når eg stig ut av bilen. Det susar frå elva, som kjem frå vatnet! Heldigvis er det grusveg å gå på. Forma er ikkje stort å skryte av, sjølv om det har gått i hagearbeid i heile sommar. Langs vegen er det endå blomar, blåknapp og smørblomst! Sola sender sine første strålar gjennom lauvskogen, og avslørar masse fine fargar. Eit teppe av blokkebærlauv, blåbærlauv og lyng viser seg fram i all si prakt! Med doggdråpar som glitra i sola var det eit praktfullt syn! Eg måtte stoppe og nyte dette.....!

Det var fleire vandrarar, som var på tur. Dei passerte meg i bra fart, dei var nok meir trenna såg det ut til! Det



gjekk opp for meg at skulle forma bli betre, ja, då måtte eg nok gå litt oftare på tur! Men no er det slik at eg ser så mykje fint, og det tek litt tid. På tilbaketuren gjekk det litt fortare. Eg tok lengre steg og veiva med armane! Undervegs såg eg flugesopp som hadde sett sine beste dagar, men fargane var der. Ei osp sto og skalv med sine haustgule blad.

Eg har prøvt meg på mange hobbyar. Det viser rundt i huset i form av halvferdige produkt, og mange bøker om både det eine og det andre. Kanskje eg skal prøve meg på malekunsten, eg og? Det var litt freistande etter fine fargeopplevingar i dag!

Veit de kva eg har i hagen? Ein familie med sporv som vippar og trippar. Dei er så tame at dei står og kikar på meg når eg pratar til dei. Koseleg selskap, du kan fortelje dei alt! Fuglane er mest grønne med gulfarge på brystet. Kanskje er det grønfink eller gullsporv. Eg veit ikkje, men fine er dei !

Ha ein fin vinter !

- Ragna Oline -

SOGN OG FJORDANE HUSFLIDSLAG

- Fylkesårs møtet 2008 -



Åtte deltakarar fordjupa seg i hardangersaum.



Nydeleg løpar – frå utstillinga i lagslokalet til vertsskapslaget.

Årsmøtesamlinga 7. – 9. mars i Selje var ein suksess- og ei flott oppleving å få med seg. Vertskapslaget Kjerringa Husflidslag diska opp med ein strålende programmeny, som inneheldt alt frå synfaring og lunsj i aktivitetshuset deira på Stadlandet til praktisk aktivitet og flott song og pianospel av born og unge.

Vi starta fredag kveld med middag på Selje Hotel, der årsmøtedeltakarane var innlosjerte. Kjempegodt måltid etter ei lang reise.

Etter om lag ein times bordsete var det duka for opning av årsmøtet. Fylkesleiaren, Dagrun Johanne Hesjevoll, og leiaren for vertskapslaget, Bente Thora Borgundvåg, ønskte deltakarane velkomne til Selje og årets årsmøtesamling.

Deretter kom det som mange hadde venta på; den praktisk oppgåva! Vertskapslaget baud på 2 alternativ; hardangersaum og japansk bretteteknikk. Åtte av deltakarane ville fordjupa seg i hardangersaum med rettleiar Oddlaug Lundbrekke. Dei andre gav seg i kast med japansk bretteteknikk under leiing av Bente Thora Borgundvåg og Norunn Stave. Interesse var upåklageleg for begge oppgåvene, og det leid langt på kveld før deltakarane "tok kvelden".

Laurdagen starta med ein lang og god frukost og ord for dagen av Ragna Oline Myklebust. Deretter gjekk turen til "Doktorgården" med antikvitetssalsal og butikk med "ting og tang".

Rundt middagstid gjekk turen til Stadlandet, der Kjerringa Husflidslag baud på nydeleg betasuppe og kaffi i det trivelege lagslokalet som dei leiger i gamleskulen. Tilbake på Selje Hotell samlast vi til minikonserert, der nokre av dei yngste på kulturskulen underheldt med song og pianospel. Festmiddagen om kvelden inneheldt gode kulturelle ingrediensar i tillegg til "Havets festbord". Ordførar Gunn Vårdal Helgesen var med oss, og ho fortalde litt om kva Selje kommune har å by på. Nokre born frå kulturskulen underheldt med fengande pianospel og song. Tradisjonen tru hadde vi lotteri på mange fine gevinstar, som lokallaga hadde med.

Husflidshandverkar Aud Hjelle hadde teke turen til Selje og samlinga vår, og vi fekk sjå og prøve kolleksjonen hennar. Jakkar og kåper med tilbehør i ullfilt, og fleire fornya garderoben sin her.

- Norunn og Dagrun -



Deltakarane fekk god bevertning under vitjinga på Stadlandet.



Dette blir bra! Eli Karin Schjerven og kurslæraren i broderi, Oddlaug Lundbrekke.

- Aktivitetskatalog -

EID HUSFLIDSLAG



Skipa: 1986

Adresse: *Eid Husflidslag*, v/Marita Røyset, Fjellvegen 15, 6770 Nordfjordeid

Kontaktperson: Marita Røyset Tlf.: 57 86 18 12 E-post: maritaroyset@hotmail.com

Medlemsaktivitetar 2009:

- Strikkekafe: Første torsdagen i månaden, på Cats, Moengården Aust.
Januar til mai og september til desember.
- Medlemsmøte: Tredje torsdagen i månaden, på Plassen.
- "Ung Husflid": 2 kveldar vår '09 (meir er ikkje bestemt enno).
- Strikke sokkar til fødeavdelinga, Nordfjord sjukehus.

Etterlysing!

Er det nokon som har oppskrift på fløyelspute? Fløyelsputa vart brakt på bane på eit styremøte. Fleire veit at dei har hatt ei om hende, men kan ikkje hugse korleis den vert laga. Kanskje du har ei oppskrift/mønster?

FLORØ HUSFLIDSLAG



Skipa: 1939

Adresse: *Florø Husflidslag*, v/Gunnfried Sund, Furuhaugane 17, 6900 Florø

Kontaktperson: Gunnfried Sund Tlf.: 57 74 34 05 E-post: gunnfried.sund@flora.kommune.no

Medlemsaktivitetar 2009:

1. halvår:

5. januar:

Stoffsmykke:

Første møtet i jubileumsåret – Florø Husflidslag er 70 år i 2009, får vi høve til å lage smykke som kan brukast til kvardags og fest.

2. februar:

Årsmøte.

2. mars:

Trearbeid:

Vi jobbar med å finne ein god aktivitet i dette materialet, og er opne for gode forslag.

30. mars:

Vi vev påskeband:

Vevgruppa har mange gode aktivitetar dette arbeidsåret, og denne kvelden får vi vere med når dei syner oss korleis vi skal lage flotte påskeband.

4. mai:

Utstilling av arbeid gjennom året.

- Aktivitetskatalog -

Kurs

Laget har ein god tradisjon på å arrangere kurs, dette ønskjer vi å halde fram med. Studieleiar Solveig Sørbø, tlf.: 990 42 355 har planlagt ulike kurs. Av aktuelle ting kan nemnast:

- Romsleg nett, papirsøm.
- Bandvev, bunadsband.
- Billedvev.
- Applikasjon.
- Pilfletting.
- Bekledningsfilting.
- Strikkekurs.
- Nålefilting.

Alle kursa har vore, og blir igjen annonsert i Firdaposten, samt omtala på heimesida vår. Medlemmer i laget får 20% rabatt på kursavgifta.

Studieringar

Ein fin måte å fortsetje med det ein har lært på kurs er å gå saman og møtast i studieringar. Folkekulturforbundet, som Florø Husflidslag er medlem i, yter ein mindre sum til støtte, men viktigast er det at ein får eit ekstra puff til å fortsetje med det ein har lært. Medlemmer får også tilsendt Norsk Husflid og Primstaven. Husfliden i Florø gjev 10% rabatt til medlemmer på stoff og symateriell, det gjer også Husfliden AS i Bergen. Ta med medlemsbevis.

MIDTRE SUNNFJORD HUSFLIDSLAG



Skipa: 1980

Adresse: *Midtre Sunnfjord Husflidslag*, v/Maren Erland, Angedalsvegen 28, 6800 Førde

Kontaktperson: Maren Erland Tlf.: 57 82 33 27 E-post: mel-erl@online.no

Medlemsaktivitetar 2009:

- | | |
|-----------------|--|
| 20. januar: | Årsmøte. |
| 3. februar: | Fritt broderi v/ Marit Andersen. |
| 2. mars: | Fellesmøte med Florø Husflidslag på slipsmuseet i Eikefjord. |
| 5. mai: | Tema: Strikking. |
| 6. juni: | Tur. |
| 22.-23. august: | Husflidsmesse i Movika. |
| 1. september: | Stikkegard på stølen (...gjerde). |
| 6. oktober: | Knappar. |
| 3. november: | Handarbeidsbøker. |
| 1. desember : | Julemøte. |

(Atterhald om endringar).

- Aktivitetskatalog -

Aktivetskvaldar for born og unge våren 2009:

14. januar:	Broderi.
11. februar:	Broderi.
11. mars:	Ikkje fastsett tema.
22. april:	Spikking.
27. mai:	Avslutningstur.

SVELGEN OG OMEGN HUSFLIDSLAG



Skipa: 1980

Adresse: *Svelgen og omegn Husflidslag*, v/Leif K. Myklebust, Trostev. 6, 6723 Svelgen

Kontaktperson: Torild Hatlenes Tlf.: 57 79 34 85 E-post: tor-hat@online.no

Medlemsaktivitetar 2009, i Bakkevegen 13:

1. halvår:

Januar:	Årsmøte (dato ikkje fastsett).
Handarbeidskveldar:	Kvar tysdag kl. 18.30. Oppstart 06.01. Avslutning 13.05.
Karveskurd:	Kvar onsdag i partalsveker, kl. 18.00 – 22.00. Oppstart 07.01. Avslutning 29.04.
Kurs:	Ikkje fastlagt.
Familietur, mai/juni:	Dato ikkje fastlag

”Ung Husflid” har eige styre og kjem med eigen aktivitetsplan.

2. halvår:

Handarbeidskveldar:	Kvar tysdag kl. 18.30. Oppstart 25.08. Avslutning 08.12.
Karveskurd:	Kvar onsdag i partalsveker, kl. 18.00 – 22.00. Oppstart 02.10. Avslutning 25.11.
November:	Hautbasaren (dato ikkje fastsett). Lefsebaking (dato ikkje fastsett).
Desember:	Juletrefest (dato ikkje fastsett).

(Med atterhald om årsmøte si godkjenning).

RØROSPLEDD FRA RØROSTWEED

Mykt, varmt og luftig – og samtidig robust og bestandig.
Fargen er oliven.

Pledd kr 1190,-

Pute kr 578,-



TA VARE PÅ BUNADEN

Norsk Flids bunadpose tar vare på bunaden mellom hver gang du bruker den.

Bunadpose dame kr 228,-

Bunadpose herre kr 198,-



UGLY CHILDRENS CLOTHING

Designet i Norge og er i 100 % bomull. Elsket av gutter i hele verden.

Body

Kr 399,-



SNØRESTØVLETT TIL BUNADEN

Innovasjon og utvikling med respekt for tradisjon.

kr 1495,-



BUNADSSKO

Kom innom og se vårt utvalg til 17.mai!



Damesko fra kr 998,-

Herresko fra kr 1298,-



HUSFLÏDEN®

Vågsalmenning 3 • Tlf. 55 54 47 40

POLYGON®

ET SELSKAP I MUNTERSGRUPPEN
SOGN OG FJORDANE

- HAR DU VASSKADE?
- HAR DU BRANNSKADE?
- HAR DU FUKTPROBLEM
I BUSTADEN DIN?



Vatn



Brann

Ta kontakt med oss!

Vakttlf: 90 90 23 45

E-post: post@byggrenhold.no

Vi har avtale med dei store forsikringselskapa